

**Oppmannsrapport
etter fellessensur i norsk skriftleg
i Møre og Romsdal**



**Sentralt gitt eksamen
NOR0218 og NOR0219, 10. årstrinn**

Våren 2023

Åndalsnes 01.07.23

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

Innhald

Fellessensurmøte	3
Statistikk	3
Kommentarar til eksamensrettleiinga.....	3
Kommentarar til eksamenssettet.....	3
Førebuingdelen.....	4
Oppgåvene	4
Hovudmål NOR0214.....	4
Sidemål NOR0215.....	5
Forslag til tema.....	5
Andre norskfaglege innspel.....	6

Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Scandic Hotel Alexandra i Molde 20. juni. Det vart halde førebunde møte med Statsforvaltaren og oppmenn 19. juni. På sensorskuleringa jobba vi med fire elevsvar frå førehandssensuren. Vår eksamensregion hadde sensorskulering 5. juni på Scandic Hotel Alexandra i Molde. Resultatet er auka medvit og eit betra tolkingsfellesskap når det gjeld vurdering av tekster. Vi var 32 sensorar som var fordelte på 8 sensorgrupper. Kwart sensorpar måtte levere to elevsvar inn til oppmannssensur. Oppmannskontoret handsama til saman 75 elevsvar under fellessensuren i år.

Statistikk

Fagkode	Fagnavn	Antall endelige karakterer	Karaktersnitt før klage M&R
NOR0218	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	977	3,25
NOR0219	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	830	3,43

Karaktersnitt endelig karakter M&R	1	2	3	4	5	6	Standardavvik endelig karakter	Karaktersnitt nasjonalt
3,25	4,4	22,62	33,47	25,18	11,87	2,46	1,13	3,38
3,43	1,08	19,16	35,66	27,11	13,86	3,13	1,08	3,36

Kommentarar til eksamensrettleiinga

Eksamensrettleiinga hadde tydeleg og presis informasjon til elevar, lærarar og sensorar. Vurderingsområda var detaljerte og utdjupa. Vurderingsmatrisa var meir presis med vurderingsskjema til kvar oppgåve.

Kommentarar til eksamenssettet

Eksamen i norsk har god form og struktur. Elevane fekk i år tre oppgåver til eksamen i hovudmål og sidemål. Den første oppgåva har tre delar. I den andre oppgåva kan eleven velje mellom to oppgåver. I den siste møter eleven ei ny type oppgåve. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom førebuingmaterialet, eksamen og kompetansemåla i læreplana. Oppgåvene er nært knytt til temaet og til førebuingmaterialet. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep.

Førebuingdelen

Temaet «Stemmer» har mange innfallsvinklar. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er variert og har passeleg lengd. Tekstane har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og setje i gang refleksjon. Inspirerende bilete. Fleire av tekstene treff gutane godt. Tekstane og bileta er aktuelle.

Oppgåvene

Oppgåvene er spissa og nært knytt til førebuingdelen og vedlegg. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Elevane får tydeleg melding om kva område tekstene vil bli vurdert på.

Elevane fekk i år tre oppgåver til eksamen i hovudmål og sidemål. Den første oppgåva har tre delar. I den andre oppgåva kan eleven velje mellom to oppgåver. I den siste møter eleven ei ny type oppgåve.

Hovudmål NOR0218

1a, 1b og 1c: I 1a er det fleire elevar som ikkje kjenner att sjangeren filmmelding. Nokon gløymer å gje ei grunngjeving. I oppgåve 1b klarer mange av elevane å fortelje kva Birger Vestmo skriv at filmen handlar om. Mange elevar hentar mykje rett frå filmmeldinga. I 1c klarte dei fleste å skrive om korleis Vestmo grunngjev terningkastet. Presisjonsnivået varierer noko.

2: Her har eleven to alternativ å velje mellom. I 2a vert det forventa at eleven skriv ei skjønnlitterær tekst fordi det står omgrepa hovudperson og vendepunkt i oppgåva. Mange elevar skriv denne oppgåva. Vendepunktet og den positive endringa kjem tydeleg fram på eit ungdommeleg vis. I 2b vert eleven utfordra til å skrive ei sakprega tekst. Oppgåva er kompleks. Eleven skal reflektere over korleis lesing av sakprosa og skjønnlitteratur kan ha verknad på forståinga av andre menneske og verda. Nokon av dei beste svara har med døme, eigne erfaringar og gode refleksjonar.

3: Dette er ei ny type oppgåve. I denne oppgåva skal eleven reflektere over det skandinaviske språkfelleskapet. Bruke døme frå begge tekstvedlegga, og vise kunnskap om språklege trekk i svensk og dansk. Mange elevar fann denne oppgåva utfordrande. Ikkje alle brukte begge tekstvedlegga eller fekk med kjeldene.

Sidemål NOR0219

1a, 1b og 1c: I 1a veit mange elevar at teksta er eit dikt. Grunngevinga av svaret varierer i presisjonsnivå. 1b klarer ikkje alle elevane å finne språklege verkemiddel og forklare korleis desse underbyggjer budskapet i teksten. Stor variasjon i bruken av fagomgrep. 1c klarer mange elevar å finne tematiske likskapar mellom dei to dikta. Den krevjande delen av oppgåva er å underbyggje svaret med døme frå dikta. Struktureerte og tydelege oppgåvebestillingar.

2: Her har eleven to alternativ å velje mellom. I 2a vert det forventa at eleven skal skrive ei sakprega tekst. Eleven skal argumentere for at ungdom bør bli høyrde i saker dei er opptekne av. I oppgåve 2b skal eleven skrive ei tekst der hovudpersonen står overfor eit val om å fortelje sanninga eller ikkje. Mange elevar viser stor skriveglede i denne oppgåva.

3: Denne oppgåve sorten er ny. Eleven skal bruke tekstvedlegget om Arianrhod Engebø. Oppgåva har ein tydeleg struktur. Først skal eleven forklare kva for haldningar Arianrhod har til språka ho brukar. Vidare skal eleven reflektere over språkleg variasjon i Noreg i dag. Eleven skal underbyggje det hen skriv med døme frå teksten. Mange tekster har varierende struktur. Refleksjonen over språkleg variasjon har varierende presisjonsnivå.

Forslag til tema

*Psykisk helse/ livsmeistring

*Kunstig intelligens

*Identitet og sjølvrealisering

*Venleik

*Rausheit

*Endringar

*Felleskap- utanforskap

*Miljø og klima

*Konflikt

*Påverknad

*Lukke

*Medmenneske

*Sosiale media/ netttroll

*Bygd og by

*Press

Kommentarar:

***Språket må få større plass.** Dei formelle dugleikane ser ut til å ha hatt for liten plass i opplæringa. Dette ser ein særleg i nynorsk, både som hovudmål og sidemål.

*Bruke songtekster og andre kulturuttrykk (teikningar og måleri).

*Meir analyse.

*Elevane må få vise meir fagkunnskap i skriftleg.

*Språk versus innhald.

*Bruke aktuelle tema i tida.

[Andre norskfaglege innspel](#)

Sensorane er godt nøgde med vurderingsmatrisa. Den er eit nyttige verktøy i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer.

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensretteiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Fellessensuren gjekk føre seg utan store problem. Eit fråfall i eine sensorgruppa vart løyst på ein god måte av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar.

Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreiding av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann